

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Møtestad: Torpomoen
Møtedato: Fredag 21.11.2025
Tid: 13⁰⁰ – 15³⁰
Handsama saker: 7/25 – 11/25

Tilstades: Pål Rørby, Hemsedal kommune, leiar
Merete Gandrud, Flå kommune, nestleiar
Jørund Li, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Anne Kari Eriksen, Nesbyen kommune

Forfall: -

Andre: Håkon Myro, styreleiar
John Bjella, brannsjef

Diverse merknadar: ingen

Underskrifter:
Stad: Torpomoen
Dato: 21.11.2025

Pål Rørby
leiar

John Bjella
brannsjef

Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 07/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 08/25	Budsjett 2026
Sak 09/24	Orientering om status på utredning av samarbeid med Ringerike brannvesen
Sak 10/24	Styregodtgjering frå 2026
Sak 11/24	Eventuelt



SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

7/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak i Representantskapet:

Innkalling og sakliste vart godkjent

8/25 Budsjett 2026

Saksopplysningar:

Styret har fyrst handsama utkast til budsjett. Styret ba i den saka om at administrasjonen skulle gå gjennom budsjettet ein gong til og spesielt sjå på fast lønn som styret meinte verka urealistisk lågt. Denne posten vart auka til 4,3% auke frå 2025 budsjettet. Deretter vart budsjettet lagt fram for KRU.

Kommunedirektørane (KRU) sine føringar for budsjett for 2026 i kommunale selskap var at kostnader tilsvarande lønnsauke i 2026 skulle sparast inn, dvs. ei innsparing på kr. 1.172.070,- for HBR sin del. Det framlagte budsjettet har ein auke på 2,36% frå 2025 budsjettet. Det er ein auke på kr. 788.387,-. Ein reell auke i heile budsjettet på 4,3% ville utgjort kr. 1.468.380,- Dvs. at det er spara inn kr. 680.000,- i forhold til budsjett med 4,3% auke. Oppsummert er det difor spara inn kr. 492.077,- mindre enn budsjettforutsetningane.

Når Rep.skapet handsama budsjettet i 2024 ba dei om at det vart lagt fram ein 5-års plan i budsjettet for 2025 for å ta inn etterslepet på øvingar, vernetøy, røykdykkar- og brannutstyr. Planen vart utarbeida frå og med budsjettet for 2025, og planen varte til 2029. Etter denne planen skulle me hatt ein auke på kr. 384.466,-, dette i tillegg til kostnadsauke på 4,3%, kr. 1.468.380,- Altså totalt ein auke på kr. 1.852.846. Sett opp mot at me no aukar med berre 788.387,- så tilsvarar det ein reduksjon på kr. 1.064.459,- som er omlag dei 1.172.070 me skulle spara inn etter føringane frå KRU.

Det er som sagt gjennomført budsjettmøte med KRU. Dei presiserte at oppdrag som ikkje er lovpålagte må fakturerast, og ba administrasjonen sjå om det er mogeleg å auke inntektene på dette meir enn det er gjort. Administrasjonen meiner det ikkje er realistisk å auke inntektene meir enn dei 150.000,- som er lagt inn.

Følgjande innsparingar er gjort:

- Fortsette med 60 timar øving pr. år/tilsett, mot å auke til 80 som låg i 5-årsplanen. Dette utgjer ei innsparing på ca. 800.000,-
- Sette planlagt utskiftning av røykdykkarutstyr på vent 1 år. Innsparing på kr. Kr. 184.000,- (me kunne spart inn meir på denne posten, men me må bytte ut nesten halvparten av røykdykkarmaskene fordi dei ikkje vert godkjent etter 2025.)

Totalt utgjer desse punkta kr. 384.466 i innsparing etter 5-årsplanen, etter frådrag for planlagt reduksjon frå 2025 til 2026 på å ikkje gjennomføre brannskulekurs i 2026 i 5-årsplanen.

Det er spara inn 680.000,- fordelt på dei fleste postane ved å legge inn lågare auke i kostnader enn 4.3%, samt at det inkluderar ein reduksjon på kr. 105.000,- på spesialutstyr (planlagt utskifting av brann- og redningsutstyr), og kroner 90.000,- i lisensar.

Det er mindre reduksjon på ein del andre postar, og det er mindre auke på andre. Bortsett frå auke på kr. 250.000,- på naudnettskostnader, auke på 100.000,- på anna forbruksmateriell som har vore underbudsjettet, i tillegg er driftskostnader til transportmidlar auka med kr. 80.000,-. Inntektene er auka med kr. 150.000,- på bla å fakturere oppdrag som ikkje er lovpålagt.

Dette budsjettet inneber eit reelt tilbakesteg i form av vesentleg reduksjon i forhold til 5-årsplanen. Den femårige planen som skulle gi stabil framdrift i å redusere etterslep, får i praksis verknad berre det fyrste året før den vert svekka igjen i 2026. Dette undergrev den langsiktige effekten av planen som rep.skapet ba om i 2024. Samstundes må det presiserast at administrasjonen har god forståing for at eigarkommunane står i ein krevjande økonomisk situasjon, og at prioriteringar er nødvendige. For å innfri budsjettforutsetningane frå KRU har me strekt oss så langt som me meiner det er forsvarleg i forhold til å oppretthalde tilstrekkelege tenester i 2026.

Samtidig må det leggst til at risikobiletet skjerpast. Krava til kompetanse i handtering av ras- og skredhendingar aukar, den tryggingspolitiske situasjonen er meir uforutsigbar, og tenesta må kunne sikre kontinuitet også gjennom langvarige kriser, og i ytterste konsekvens krig. Dette stiller vesentleg høgare krav til øving, samvirke og robustheit i brann og redning, som ledd i totalforsvaret framover, enn det som er mogeleg med dette budsjettet for 2026.

Brann- og redningstenesta er kommunane si viktigaste tekniske redningsressurs og utgjer grunnstamma i den lokale beredskapen. Me meiner det difor vil være avgjerande for kommunane framover at brann- og redningstenesta er førebudd. For å stå rusta i denne utviklinga er det behov for styrka budsjetttrammer i åra framover.

Framlagt budsjett har følgande hovudtal (Parentes = auke frå 2025 til 2026):

Ei total ramme på kr. 34.148.377,- (788.516,-/2,36%).

For kvar einskild eigar utgjer det:

- a) Ål: kr 7.826.808,- (180.728,-)
- b) Gol: kr 8.438.064,- (194.842,-)
- c) Hemsedal: kr 7.328.242,- (169.216,-)
- d) Nesbyen: kr 6.276.472,- (144.929,-)
- e) Flå: kr 4.278.792,- (98.801,-).

Kommune	Kostnad 2026	auke frå 2025	Eigarandel*
Hemsedal	kr 7 328 242	kr 169 216	21,46
Gol	kr 8 438 064	kr 194 842	24,71
Ål	kr 7 826 808	kr 180 728	23,40
Nesbyen	kr 6 276 472	kr 144 929	18,40
Flå	kr 4 278 792	kr 98 801	12,58
	kr 34 148 377	kr 788 516	

Saksgang:

Brannsjefen si tilråding til vedtak i styret:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 34.148.377,- For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:

- a. Ål: kr 7 826 808
- b. Gol: kr 8 438 064
- c. Hemsedal: kr 7 328 242

- d. Nesbyen: kr 6 276 472
- e. Flå: kr 4 278 792

2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Vedtak i styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 34.148.377,- For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 826 808
 - b. Gol: kr 8 438 064
 - c. Hemsedal: kr 7 328 242
 - d. Nesbyen: kr 6 276 472
 - e. Flå: kr 4 278 792
2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Vedtak i representantskapet:

1. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt, i tillegg kr. 250.000,- Totalt kr. 34.398.377,- For kvar einskild eigar utgjer eigarbidraget i 2026 følgjande:
 - a. Ål: kr 7 826 808
 - b. Gol: kr 8 438 064
 - c. Hemsedal: kr 7 328 242
 - d. Nesbyen: kr 6 276 472
 - e. Flå: kr 4 278 792

Kommune	Kostnad 2026	auke frå 2025	Eigarandel*	Tillegg kr. 250' fordelt pr kommune	250' fordelt pr. kvartal
Hemsedal	kr 7 381 892	kr 222 866	21,46	53650	13413
Gol	kr 8 499 839	kr 256 617	24,71	61775	15444
Ål	kr 7 884 108	kr 238 028	22,92	57300	14325
Nesbyen	kr 6 322 422	kr 190 879	18,38	45950	11488
Flå	kr 4 310 117	kr 130 126	12,53	31325	7831
Totalt	kr 34 398 377	kr 1 038 516	100	250000	62500

2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
3. Budsjettet vert lagt fram for kommunestyra som meldingssak.

Vedlegg:

- **Exel-dokument budsjett 2026**
- **Handlings- og økonomiplanen 2026-2029**

9/25 Orientering om status på utredning av samarbeid med Ringerike brannvesen

Saksopplysningar:

Vedlagt mandat er utarbeidd for utredningsarbeidet. Det er administrativt godkjent av kommunalsjef i Ringerike og styreleiar i HBR. Jan Gaute Bjerke i Bjerke Prosessledelse er engasjert som prosessleiar for arbeidet. Kostnad er kr. 50.000,- for kvar av brannvesena.

Det er gjennomført to arbeidsmøter der tillitsvald, verneombod, avdelingsleiarar og brannsjefar frå kvart brannvesen har delteke. Arbeidet skal være ferdig innan 1. mars 2026. Ca. halvvegs i arbeidet skal det

leverast ein status i arbeidet. Denne vert lagt fram for rep.skapet, i tillegg til den endelege rapporten når den er ferdig.

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Representantskapet tek saka til orientering.

Vedtak i Representantskapet:

Representantskapet tek saka til orientering.

Vedlegg: Mandat for utredning av samarbeid mellom HBR og Ringerike brannvesen

10/25 Styregodtgjering frå 2026

Saksopplysningar:

For 2024 og 2025 vart følgjande godtgjersler vedteke:

- | | |
|---|--------------|
| 1. Fast godtgjering for styremedlemmer: | kr. 15.000,- |
| 2. Godtgjering for styreleiar: | kr. 33.000,- |
| 3. Godtgjering pr. møte: | kr. 1.700,- |
| 4. Tapt ulegimentert arbeidsinntekt pr. time skal følge Ål kommune sine satsar. | |
| 5. Tapt legimentert arbeidsinntekt (maks) | kr. 4.000,- |
| 6. Møtande varamedlemmer får godtgjering pr. møte | |

Rep.skapet vedtok også at administrasjonen skal kartlegge nivået på styregodtgjering i samanliknbare selskap, som grunnlag for styregodtgjering i 2026 og framover.

Det er samanlikna med Hallingdal Renovasjon (HR). Rep.skapet i HR vedtok i 2025 følgjande satsar for deira styre, som var ein auke på 4,1%:

- Styreleiar: 68.706,- + 1093 i godtgjering pr. møte
- Styremedlemmer: 22.173,- + 1093 i godtgjering pr. møte
- Personlege varamedl. 1874,- pr. møte.
- Tapt arbeidsfortj. Legimentert: maks 3000,- Ulegimentert kr. 1500,-

Hallingdal Renovasjon er eit større selskap enn HBR, slik sett er det naturleg at dei ligg noko over i godtgjersle. Brann og redning er likevel eit omfattande fagområde å få oversikt over som styre, det krev ein del timar førebuing pr. møte. HBR gjennomfører ca. 6 styremøter i året, det er ikkje sjekka opp kor mange møte HR har. Godtgjering til styreleiar er det dobbelte i HR i forhold til HBR, godtgjering til styremedlemmer ligg mindre over i HR i forhold til HBR enn det styreleiar gjer. Det er difor tilrådd å auke godtgjeringa til styreleiar meir enn til styremedlemmer. HR har lågare godtgjersle pr. møte, og tapt arbeidsforteneste enn HBR.

Stramt budsjett for HBR krev måtehald i godtgjering til styret for 2026.

På bakgrunn av det vert det foreslått følgjande satsar frå 2026:

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek følgjande styregodtgjering frå 2026:

- | | |
|---|--------------|
| 1. Fast godtgjering for styremedlemmer: | kr. 17.000,- |
| 2. Godtgjering for styreleiar: | kr. 50.000,- |
| 3. Godtgjering pr. møte: | kr. 1.700,- |
| 4. Tapt ulegimentert arbeidsinntekt pr. time skal følge Ål kommune sine satsar. | |
| 5. Tapt legimentert arbeidsinntekt (maks) | kr. 4.000,- |
| 6. Møtande varamedlemmer får godtgjering pr. møte | |

Vedtak i representantskapet:

Representantskapet vedtek følgjande styregodtgjering frå 2026:

- | | |
|--|--------------|
| 1. Fast godtgjering for styremedlemmer: | kr. 17.000,- |
| 2. Godtgjering for styreleiar: | kr. 50.000,- |
| 3. Godtgjering pr. møte: | kr. 1.700,- |
| 4. Tapt ulegitimert arbeidsinntekt pr. time skal følge Ål kommune sine satsar. | |

5. Tapt legitimert arbeidsinntekt (maks) kr. 4.000,-
6. Møtande varamedlemmer får godtgjering pr. møte

Vedlegg:

11/25 Eventuelt

Saksopplysningar

Det var ingen saker på eventuelt